



Innkalling av Alver formannskap

Møtedato: 03.04.2020

Møtestad: Teams

Møtetid: 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
032/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/20	Godkjenning av møteprotokoll
034/20	Høringsinnspel NTP Vestland Fylkeskommune
035/20	Strilahandel, tildeling av midlar frå disposisjonsfondet
036/20	Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19
037/20	Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar
038/20	Melding/orientering til formannskapet 03.04.2020

2. april 2020

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 02.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
032/20	Alver formannskap	03.04.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 30.03.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
033/20	Alver formannskap	03.04.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

20.03.2020 Protokoll - Alver formannskap - 19.03.2020

1365561



Møteprotokoll for Alver formannskap

Møtedato: 19.03.2020
Møtestad: Telefon-, Teams-møte
Møtetid: 12:00 - 14:50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Astrid Aarhus Byrknes	KRF tom orient.økonomi	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Morten Klementsens	FNB	Medlem
Terje Sletten-Hansen	FNB	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Medlem
Maria Færø	FNB	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Anne Grete Eide	AP	Nina Bognøy
Yngve Walaker	FNB	Maria Færø

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø
Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
023/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/20	Godkjenning av møteprotokoll
025/20	Vedtak, hastesaker, jf.kommunelova § 11-8
026/20	Utbyggingsavtale mellom Alver kommune og Egill Danielsen Stiftelse for byggjefelt BU4 innanfor detalreguleringsplan for Danielsen skule
027/20	Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og framlegg til planprogram
028/20	Unyttta investeringsmidler 2019 – overførast til 2020
029/20	Klage på vedtak om avvising av krav om lovlighetskontroll
030/20	Melding/orientering til formannskapet 12.03.2020
031/20	Kjøp og sal av bustader til kommunal verksemd

023/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver formannskap 19.03.2020:

Handsaming:

Det vil bli lagt tilrette for at media og innbyggjarar skal kunne delta på møter. Ingen merknader, samrøystes.

FO- 023/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

024/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver formannskap 19.03.2020:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

FO- 024/20 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

025/20: Vedtak, hastesaker, jf.kommunelova § 11-8

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet si innstilling i sak:

013/20 Kraftanalyse for framtidif næringsutvikling i Alver

014/20 Endringar i kommunale selskap – Lindås Tomteselskap AS og Meland

Utbyggingssselskap AS

015/20 Fortau Mjåtveitvegen, utvida ramme

017/20 Godkjenning av planstrategi for Alver kommune 2020-2023

Vert gjort som vedtak etter kommunelova § 11-8

Alver formannskap 19.03.2020:

Handsaming:

Framlegg frå H,SP, AP, KRF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

Som rådmannen sitt framlegg, med unntak av sak 017/20.

Framlegg som rådmann utan sak 017/20 vart samrøystes vedteke.

FO- 025/20 Vedtak:

Formannskapet si innstilling i sak:

013/20 Kraftanalyse for framtidif næringsutvikling i Alver

014/20 Endringar i kommunale selskap – Lindås Tomteselskap AS og Meland

Utbyggingssselskap AS

015/20 Fortau Mjåtveitvegen, utvida ramme

Vert gjort som vedtak etter kommunelova § 11-8

026/20: Utbyggingsavtale mellom Alver kommune og Egill Danielsen Stiftelse for byggjefelt BU4 innanfor detalreguleringsplan for Danielsen skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtar i medhald av plan- og bygningsloven kapittel 17 utbyggingsavtalen mellom Alver kommune og Egill Danielsen Stiftelse»

Alver formannskap 12.03.2020:

Behandling:

Saka vert utsett, samrøystes.

FO- 016/20 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver formannskap 19.03.2020:

Handsaming:

Det vart stild spørsmål ved A.Hetlebakke sin habilitet som styremedlem for to andre skular i stiftinga . Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at A.Hetlebakke er habil i denne saka.

Fellesframlegg ved Ø.Oddekalv-AP:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Vedtatt som hastesak etter § 11-8 i kommunelova

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 026/20 Vedtak:

«Kommunestyret vedtar i medhald av plan- og bygningsloven kapittel 17 utbyggingsavtalen mellom Alver kommune og Egill Danielsen Stiftelse»

Vedtatt som hastesak etter § 11-8 i kommunelova.

027/20: Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og framlegg til planprogram

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Formannskapet i Alver kommune oppstart av arbeid med kommuneplanen, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring og ettersyn.

Alver formannskap 12.03.2020:

Handsaming:

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

FO- 018/20 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver formannskap 19.03.2020:

Behandling:

Fellesframlegg ved A.Byrknes-KRF:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Pga koronasituasjonen vert tidsplan med medverknad til planen utsatt til hausten.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 027/20 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Formannskapet i Alver kommune oppstart av arbeid med kommuneplanen, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig høyring og ettersyn.

Pga koronasituasjonen vert tidsplan med medverknad til planen utsatt til hausten.

028/20: Unyttta investeringsmidler 2019 – overførast til 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Dei unyttta investeringsmidlane i 2019 i tidligare Meland, Radøy og Lindås kommune vert flytta til 2020 slik at dei planlagte og pågåande prosjekta held fram. Totalt vert det flytta investeringsmidlar på 1 60 526 600 kr fra 2019 til 2020. Investeringsprosjekta vert finansiert av 5 mill. kr i tilskotsmidler, unyttta lånemidlar og mva-kompensasjon.

Alver formannskap 12.03.2020:

Handsaming:

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

FO- 019/20 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver formannskap 19.03.2020:

Behandling:

Fellesframlegg ved Ø.Oddekalv-AP:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Vedtatt som hastesak etter § 11-8 i kommunelova

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 028/20 Vedtak:

1. Dei unyttta investeringsmidlane i 2019 i tidligare Meland, Radøy og Lindås kommune vert flytta til 2020 slik at dei planlagte og pågåande prosjekta held fram. Totalt vert det flytta investeringsmidlar på 1 60 526 600 kr fra 2019 til 2020. Investeringsprosjekta vert finansiert av 5 mill. kr i tilskotsmidler, unyttta lånemidlar og mva-kompensasjon.

Vedtatt som hastesak etter § 11-8 i kommunelova.

**029/20: Klage på vedtak om avvising av krav om lovlighetskontroll
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Klage på administrativt vedtak i sak 20/8610 om avvising av krav på lovlighetskontroll, blir ikkje tatt til følge.
- Saka blir sendt over til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd

Alver formannskap 12.03.2020:**Behandling:**

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

FO- 020/20 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver formannskap 19.03.2020:**Behandling:****Protokolltilførsel frå M.Klementsens-FNB:**

FNB ber om at settefylkesmannen behandlar saken.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster (M.Klementsens-FNB, T.Sletten-Hansen-FNB og Y.Walaker-FNB)

FO- 029/20 Vedtak:

Klage på administrativt vedtak i sak 20/8610 om avvising av krav på lovlighetskontroll, blir ikkje tatt til følge.

Saka blir sendt over til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd

030/20: Melding/orientering til formannskapet 12.03.2020**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

Alver formannskap 12.03.2020:**Behandling:**

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

FO- 021/20 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver formannskap 19.03.2020:**Behandling:**

- Koronavirus og beredskap ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Politiske prosesser ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Interkommunal plan for sjøareal ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Investeringar ved rådmann Ørjan Raknes Forthun

- Økonomi ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Byvekstavtale – status og vegen vidare ved kommunalsjef Hogne Haugsdal
- Innspel til NTP (Nasjonal transportplan) – orientering om aktuelle prosjekt

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 030/20 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

031/20: Kjøp og sal av bustader til kommunal verksemd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert overført 10 mill kr. frå disposisjonsfond til investeringsfond for «kjøp/ sal av bustader til kommunal verksemd». Investeringsfondet skal nyttast til å finansiere kjøp av nye bustader i samsvar med sak 015/20. Inntekter frå sal av bustader skal overførast til investeringsfond for «kjøp/ sal av bustader til kommunal verksemd», og rådmannen får mynde til å nytte avsette midler på fondet til å finansiere kjøp av egne bustader.

All kjøp og sal av bustader vert tatt inn i investeringsoversynet i den økonomiske rapporteringa per 1. tertial, 2. tertial i tillegg til årsrekneskapen.

Alver formannskap 19.03.2020:

Behandling:

Sak 31/20 var handsama etter orientering om Korona.

Det vart ettersendt ny saksutgreiing som var anonymisert, denne saka erstattar først utsendt sak.

Fellesframlegg ved Ø.Oddekalv-AP:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Vedtatt som hastesak etter § 11-8 i kommunelova

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 031/20 Vedtak:

Det vert overført 10 mill kr. frå disposisjonsfond til investeringsfond for «kjøp/ sal av bustader til kommunal verksemd». Investeringsfondet skal nyttast til å finansiere kjøp av nye bustader i samsvar med sak 015/20. Inntekter frå sal av bustader skal overførast til investeringsfond for «kjøp/ sal av bustader til kommunal verksemd», og rådmannen får mynde til å nytte avsette midler på fondet til å finansiere kjøp av egne bustader.

All kjøp og sal av bustader vert tatt inn i investeringsoversynet i den økonomiske rapporteringa per 1. tertial, 2. tertial i tillegg til årsrekneskapen.

Vedtatt som hastesak etter § 11-8 i kommunelova.

Arkiv: FE-113
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 30.03.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
034/20	Alver formannskap	03.04.2020

Høringsinnspel NTP Vestland Fylkeskommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune støtter Regionrådet Nordhordland sitt innspel til NTP 2022-2033 som framlagt som vedlegg i saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Nasjonal transportplan (NTP) presenterer regjeringas transportpolitikk. For den komande NTP-perioden 2022 -2033 er målstrukturen: - et effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Regjeringa sin målstruktur med NTP er ytterlegare definert i 5 punkt:

- Enklare reisekvardag og auka konkurranseevne for næringslivet
- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Nullvisjonen for drepne og hardt skadde
- Bidra til oppfyljing av Noreg sine klima- og miljømål

NTP 2022-2033 skal godkjennast av Stortinget våren 2021.

Arbeidet med prioriteringane for NTP er i gang og 14. mai skal fylkestinget i Vestland levera sine innspel til prioriteringar på samferdsleområdet. Frist for innspel til Vestland fylkeskommune er 3. april 2020

Samferdselsdepartementet har bedt fylkeskommunane om å vektleggje følgjande i arbeidet med innspela:

- Løysingane må vere i prioritert rekkjefølgje
- Løysingane må kunne handtere utfordringane. Samanhengen mellom utfordringar og framlegg til løysingar skal vere godt skildra.
- Fylkeskommunane er bedne om å kome med framlegg til korleis dei kan bidra til kostnadsreduksjon og redusert planleggingstid i føreslegne løysingar.

Samferdsledepartementet vil i det vidare arbeidet leggje vekt på

- samfunnsøkonomisk lønsemd og effektivitet
- målstrukturen for NTP 2022-33
- realistiske forventningar om fordeling på dei ulike landsdelane

- teknologisk utvikling, særleg å unngå å gjere store avgjerder for investeringar i løysingar som er særleg teknologisk sårbare.

Saksopplysningar:

Statens Vegvesen (SVV) har allereie levert innspel til prioriteringar i NTP i to bevilgningsnivå: låg ramme, - som i dag, og høg ramme med 20% årleg auke, samt første periode (2022-27) og andre periode (2028-33).

I vår region har SVV prioritert Hordfast i første periode og i låg ramme. Elles er diverse skredsikring prioritert på E39 i andre periode, basert på høg ramme. Nye Veger har ikkje foreslått eller prioritert prosjekt i vår region i sitt NTP- framlegg.

Nordhordland er del av ein stort felles bu- og arbeidsmarknad i Bergensregionen, eit tyngdepunkt i Vestland fylke. E39 er hovudvegen som bind saman det nye fylket. E39 har i dag ikkje effektiv, miljøvennleg og trygg trafikkavvikling som er dei strategiske måla i NTP 2022-33.

Regionrådet Nordhordland legg til grunn følgande prioriteringar for innspel til Vestland fylkeskommune:

- Ny E39 Vågsbotn – Klauvaneset er det viktigaste prosjektet for Nordhordland, og regionen står saman med Bergen kommune om å prioritere dette prosjektet som første trinn i Ringveg Øst - utbygginga.
- Ringveg Øst som heilheit er av ein slik grunnleggjande betydning for å nå NTP sine målsettingar om eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem, at prosjektet bør løftast opp nasjonalt og inngå i porteføljen til Nye Veier AS.
- Vidare utbygging av E39 nord for Nordhordlandsbrua er viktig for å få full effekt av den nasjonale satsinga på ferjefri E39. Prosjekt som vil medverke til både betre framkomst og tryggleik, samt avlastning av regionsenteret som er avgjerande for byutvikling og nullvekstmålet:
 - E39 Eikefet – Romarheim (rassikring)
 - E39 Knarvik – Oppedal (trafikktryggleik / rassikring)
 - E 39 Flatøy – Eikefettunnelen (E39 i tunnel utanom regionsenteret Knarvik)
- Med utgangspunkt i den store nasjonale betydninga Mongstad har for næringsutvikling og verdiskaping, bør Fv.57 oppgraderast til riksveg.
- For å nå overordna mål om nullvekst personbiltrafikken som er forankra i NTP og Byvekstavtalen, må kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen utviklast vidare.

Vedlegg i saken:

01.04.2020 Regionrådet NH Innspel til NTP 2022-2033 til
Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no

Knarvik, 2. april 2020

Regionrådet Nordhordland – innspel til NTP 2022-2033

Regionrådet Nordhordland viser til frist Vestland fylkeskommune har sett for innspel til arbeidet med NTP 2022-2033. Regionrådet i Nordhordland som består av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy står samla bak dette skrivet.

Nordhordland er del av ein stort felles bu- og arbeidsmarknad i Bergensregionen som er tyngdepunkt i Vestland fylke. Tre av dei største industriområda i Norge ligg i regionen, og desse representerer til saman 3000-3500 arbeidsplasser. Me ventar her ein betydeleg vekst i antall arbeidsplasser framover bl.a. grunna prosjekta Green Spot Mongstad og Hywind. Dette er i tråd med nasjonale satsingar.

E 39 bind Bergensregionen saman med Nordhordlandsregionen til ein felles arbeids- og buregion. Ny veg frå Vågsbotn til Klauvaneset og utbetring av strekninga gjennom Nordhordland er avgjerande for at me vil klara å oppretthalda vekstkraftige lokalsamfunn i fleire deler av fylket vårt. E39 gjennom Nordhordland er også hovudvegen som bind saman det nye fylket, og strekninga har i dag ikkje effektiv, miljøvennleg og trygg trafikkavvikling som er dei strategiske måla i NTP 2022-2033.

Delstrekninga Vågsbotn – Klauvaneset har låg standard og omfattande transportutfordringar:

- Store flaskehalsar på Haukås og Hylkje med daglege, lange køar som ofte strekk seg heilt frå Vågsbotn til Nordhordlandsbrua. Dette medfører store omkostningar for næringsliv og trafikantar.
- Uforutsigbar framkomst i eit sårbart transportnett utan omkøyringsvegar. Dette skapar beredskapsmessige utfordringar, bl.a. for nødetatane som slit med å koma fram når trafikken står. Vegen er transportåra til sjukehusa våre.
- Trafikkmengd på 25.000 ÅDT på eit underdimensjonert vegnett som skapar barriere, støyplagar og full stans i vidare areal- og byutvikling.
- Smal tofelts veg utan moglegheit for samanhengande kollektivprioritering.
- Det har vore 174 personskadeulukker sidan Nordhordlandsbrua opna i 1994, herav 6 omkomne og 17 alvorleg skadde (sjå vedlegg 1).

Regionen har venta i 25 år på nytt vegsamband mellom Nordhordlandsbrua og Åsane nord. I denne perioden har det vore ein enorm vekst i trafikken over Nordhordlandsbrua, i tillegg har det vore store næringsetableringar på strekkja. Tida er no inne for å prioritera ny E39 Vågsbotn – Klauvaneset.

Status for prosjektet i dag er:

- Arbeidet med kommunedelplan med konsekvensutgreiing er starta opp, og bystyret i Bergen vedtok planprogrammet for prosjektet 29. januar 2020.
- E39 Klauvaneset - Vågsbotn er del av prosjektet Ringveg øst som skal leia E39 utanom dei sentrale bustad- og byområda i Bergen. Ringveg øst består av tre delprosjekt; Vågsbotn – Klauvaneset, Arna-Vågsbotn og Fjøsanger - Arna (sjå vedlegg 2).
- Både Bergen kommune (bystyrevedtak januar 2018) og Regionrådet i Nordhordland har prioritert delstrekninga i nord, Vågsbotn - Klauvaneset som første utbyggingstrinn av Ringveg øst. Bergen kommune og regionen står samla om dette. «Ein livsviktig forbindelse nordover» (Anna Elisa Tryti, byutviklingsbyråd til Avisa Nordhordland mars 2017).

I felles skriv frå Regionrådet i Nordhordland og byrådsleiar i Bergen kommune til samferdselsministeren 11. mars 2019, er prioriteringa av prosjektet gjort tydeleg.

I framforhandla Byvekstavtale mellom kommunane Bergen, Askøy, Øygarden, Alver og Bjørnafjorden, Vestland fylkeskommune og Staten for perioden 2019-2029 står dette på side 3:

«Lokale partar viser til vedtak i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om at strekningen Klauvaneset- Vågsbotn skal prioriterast som første delstrekning i utbygging av ringveg aust»

og dette i vedlegg 6 side 25:

Avtalepartane har merka seg at samferdselsministeren har opna for at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriterast føre E16 Ringveg Øst Arna-Vågsbotn i Nasjonal transportplan 2022-33. Dette er ei prioritering som dei lokale avtalepartane vil støtte.

Regionrådet Nordhordland meiner Ringveg øst som heilskap er av ein slik grunnleggjande betydning for å nå NTP sine målsetjingar om eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem, at prosjektet bør løftast opp nasjonalt. Etter vår vurdering oppfyller Ringveg øst kriteria for prioritering innanfor Nye Veier AS (sjå vedlegg 2). Regionrådet ber Vestland fylkeskommune i samråd med Bergen kommune vurdere dette nærare.

Prosjektet har høg samfunnsøkonomisk effekt (viser her til kulepunkta nemnt over relatert til låg standard og omfattande transportutfordringar) samanlikna med andre prosjekt nasjonalt, og er av vital betydning for å redusere dagens sårbarheit på transportnettet i Bergensregionen. Ringveg øst vil sikra god framkomst og trafikktryggleik, samstundes som sentrale bustad- og byområde vert avlasta for trafikk som opnar for prioritering av kollektivtrafikk, sykkel og gange.

Det er og særdeles viktig å nemna at arbeidet med kommunedelplanen og konsekvensutgreiing skal vera ferdig i løpet dette året. Utbygging av ny E39 Vågsbotn – Klauvaneset som første delstrekning i Ringveg øst er derfor «gryteklart» for oppstart i nær framtid.

Utbygging av ny E39 Vågsbotn – Klauvaneset som første delstrekning i Ringveg øst, er på dette grunnlag prioritert nr. 1 for Nordhordland.

Trafikk- og rassikring

I tillegg har regionen også andre store behov, særleg innan trafikksikring/rassikring. Vidare utbygging av E39 nord for Nordhordlandsbrua er viktig for å få full effekt av den nasjonale satsinga på ferjefri E39. Nordhordland har fleire prosjekt som vil medverka til både betre framkomst og trafikktryggleik, samt avlastning av regionsenteret Knarvik som er avgjerande for byutvikling og nullvekstmålet:

- E39 Eikefet – Romarheim (rassikring)
- E39 Knarvik – Oppedal (trafikktryggleik / rassikring)
- E 39 Flatøy – Eikefettunnelen (E39 i tunnel utanom regionsenteret Knarvik)

Fv. 57 må oppgraderast til riksveg

For det interne vegnettet i Nordhordland vil Regionrådet peika på den store nasjonale betydninga aktiviteten på begge sider av Fensfjorden (Mongstad, Skipavika og Sløvåg) har for næringsutvikling og verdiskaping. Her er det også venta stor aktivitetsauke i åra framover. Dette tilseier etter vår oppfatning, at Fv.57 må oppgraderast til riksveg. Dette er noko Regionrådet med jamne mellomrom dei siste 10 åra har meldt inn til regionale og sentrale styresmakter gjennom RTP og NTP-prosessar og gjennom egne skriv til vegstyresmakter.

Manglande vedlikehald på fylkesvegar

Regionrådet er òg svært bekymra for manglande midlar til vedlikehald og opprusting av fylkesvegar. Forfallet er omfattande, og etterslepet stig år for år. Behovet for auka innsats på vedlikehald er stort. Utvikling av kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen er eit avgjerande verkemiddel for å nå overordna målsetjingar om nullvekst i personbiltrafikken som er forankra i NTP og Byvekstavtalen. Ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset opnar for å prioritera kollektivtrafikken med eigne felt, men måloppnåing føreset òg at kollektivtilbodet med både buss og hurtigbåt vert styrka i åra framover.

Oppsummering – innspel til NTP 2022-2033 frå Regionrådet i Nordhordland

Regionrådet i Nordhordland står samla bak desse innspela til NTP 2022–2033. Innspela er dei same som Regionrådet leverte til rulleringa av gjeldande NTP, og som Regionrådet samla har jobba for i årevis.

- Ny E39 Vågsbotn - Klauvaneset er det viktigaste prosjektet for Nordhordland, og Regionrådet står saman med Bergen om å prioritera dette prosjektet som første trinn i utbygginga av Ringveg øst.
- Ringveg Øst som heilskap er av ein slik grunnleggjande betydning for å nå NTP sine målsetjingar om eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem, at prosjektet bør løftast opp nasjonalt. Regionrådet meiner at Ringveg øst oppfyller kriteria for prioritering innanfor Nye Veier AS. Regionrådet ber derfor Vestland fylkeskommune i samråd med Bergen kommune vurdere dette nærare. (vedlegg 2).
- Vidare utbygging av E39 nord for Nordhordlandsbrua er viktig for å få full effekt av den nasjonale satsinga på ferjefri E39. Prosjekt som vil medverka til både betre framkomst og tryggleik, samt gjera det mogeleg for regionsenteret Knarvik å få til byutvikling og å nå nullvekstmålet:
 - E39 Eikefet – Romarheim (rassikring)
 - E39 Knarvik – Oppedal (trafikktryggleik / rassikring)
 - E 39 Flatøy – Eikefettunnelen (E39 i tunnel utanom regionsenteret Knarvik)

- Med utgangspunkt i den store nasjonale betydninga Fensfjordområdet (Mongstad, Sløvåg, Skipavika) har for næringsutvikling og verdiskaping, må Fv.57 oppgraderast til riksveg.
- For å nå overordna mål om nullvekst i personbiltrafikken som er forankra i NTP og Byvekstavtalen, må kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen utviklast vidare.
- Det må setjast av meir midlar til vedlikehald og opprusting av eksisterande fylkesvegar.

Med venleg helsing




Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS


Kopi: Kommunane i Region Nordhordland
Nordhordland Næringslag
Bergen kommune
Bergen Næringsråd
NHO Vestland

Vedlegg 1. Ulukkesdata



Vedlegg 2. Ringveg øst

Kort skildring av Ringveg øst



Figur 1. Illustrasjon av Ringveg øst.


Ringveg øst sin hovudfunksjon:

- Ny E39/E16 med høy standard: Bedre trafikkavvikling, Bedre transportøkonomi, Bedre trafiksikkerhet, Bedre transportberedskap
- Ringveifunksjon som avlastet sentrum: Kollektivprioritering, Mindre biltrafikk, bedre miljø, Byutviklingsmuligheter

Samfunnsøkonomi

Statens vegvesen har rekna samfunnsnytte for alle aktuelle prosjekt for NTP 2022-2033. I alt 110 prosjekt er tatt med i oversikten.

To av delprosjekta for Ringveg øst ligg høgt oppe blant dei prosjekta med best samfunnsøkonomi (11. og 22. plass av 110 nasjonale prosjekt). Dette er rekna kvar for seg. Saman er det grunn til å tru at det vil vera synergieffektar som vil auka lønnsmda.



Figur 2. Oversikt over dei 30 mest lønsamme veginvesteringane av 110 nasjonale samferdselsprosjekt i NTP-samanheng. Netto nytte pr. budsjettkrone. Kjelde: <https://www.regjeringen.no/contentassets/4812cdb12c4842a2818e43dafdf2a29e/sv2019-10-28-oppdrag-1-vedlegg-2-ntp-ark-korrigert.pdf>

Ringveg øst er egna for porteføljen til Nye veier AS

Nye veier AS sine kriteria:



TABELL 4.1 KRITERIER FOR INNLEDENDE PRIORITERING AV STREKNINGER

Kriterier for vurdering av strekningenes potensial for verdøkning

- **Bo- og arbeidsmarked:** Strekningen knytter sammen områder med vesentlig befolkning og/eller betydelige næringslivsklynger
- **Næringslivets varetransport:** Strekningen styrker viktige akser for varetransport
- **Reisetidsreduksjon:** Strekningen omfatter hovedveier med langsiktig potensiale for høyhastighet (110+ km/h) og/eller betydelig forkortelse av strekninger
- **Trafikksikkerhet:** Strekningen vil erstatte eller avlaste særlig ulykkesutsatte strekninger

Kriterier for vurdering av strekningenes relevans som del av Nye Veiers portefølje

- **Tidlig fase:** Strekningen tillater at Nye Veier kan komme inn tidlig i utviklingsfasen og har mulighet til å realisere fullt besparelspotensiale (helst før KDP)
- **Helhetlig utbygging:** Strekningen gir Nye Veier frihet i valg av trasé. Nye Veier kan sikre ferdigstillelse av fornuftige strekninger innenfor et gitt prosjekt. Muliggjør drift og vedlikehold av lange, sammenhengende strekninger. Kostnadsestimat over kr 5 mrd. som tillater store entrepriser
- **Konvensjonell veibygging:** Strekningen har ikke særlig komplekse elementer som krever kompetanse ut over hva Nye Veier kan tilby i samarbeid med leverandører (eksempelvis lange dypvannstuneler)

Vurdering av Ringvei øst i forhold til kriteriene for Nye Veier AS sin portefølje

NV sitt hovedmål: øke samfunnsøkonomisk lønnsomhet (økt nytte, reduserte kostnader)

Kriterier	Nye Veier AS sin vurdering	Vår vurdering
Bo- og arbeidsmarked		
Varetransport		
Reisetidsreduksjon		
Trafikksikkerhet		
Tidlig fase		
Helhetlig utbygging		
Konvensjonell veitbygging		
Total score		

Optimaliseringspotensiale for detaljregulering, prosjektering og bygging:

- Valg av riktig veistandard og kryssløsninger i forhold til funksjon
- Løsning for etappevis utbygging
- Tiltak på eksisterende vei
- Bompenger og veiprising
- Optimalisering av miljøgevinster og klimaeffekter
- Samfunnskostnader ved stengte veier (beredskap og sårbarhet)
- Godsterminal, optimalisering av godstransport

God fit
Ok fit
Mindre god fit

Arkiv: FE-223, FA-U01
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 01.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
035/20	Alver formannskap	03.04.2020

Strilahandel, tildeling av midlar frå disposisjonsfondet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen innstiller og tildeler kr. 80 000 til tiltaket Strilahandel. Midlene skal takast frå disposisjonsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn

Koronaviruset har ført til ein vanskeleg situasjon for næringslivet. Handel og servicenæringa er spesielt ramma. Undersøkingar frå 2019 visar at næringa hadde det tungt frå før, noko som gjer dei endå meir utsett. Eit av samfunnsoppdraga i denne tida er å halde hjula i gong, under forutsetning av at retningslinjene frå myndigheitene er følgt. Nordhordland Næringslag ønskjer å bidra til at flest mulig heldt ut under krisa.

Kort samandrag av prosjekt:

Koronasituasjonen får kritiske konsekvensar for næringslivet i regionen, spesielt innan handel og servicenæringa. For å hjelpe det lokale næringslivet ønskjer Nordhordland Næringslag å etablere ein nettportal for lokal handel. Nettportalen skal fungera som ein marknadsplass der kundar kan gå inn og få informasjon om på ein stad.

Saksopplysningar:

Kort framstilling av prosjektide:

Det etablerast ein nettside (www.strilahandel.no) der lokale bedrifter kan annonsere gratis. Bedriftene legg inn informasjon som f.eks. varer og tenester, nettbutikk, hentepunkt, heimlevering etc. Ein lokal oppstartsverksemd er teknisk leverandør i prosjektet.

Effekt av vellykka gjennomføring vil vere:

Nettportalen skal gje økt merksemd kring det å handle lokalt, samt gjere det enkelt for forbrukarane ved at informasjonen er samla på ein stad. Nordhordland Næringslag si målsetning er at fleire kundar vel å støtta lokale verksemder og på den måten bidra til å halde liv i det lokale næringslivet. Tiltaket vil vere positivt for lokal handel også etter at situasjonen har normalisert seg.

Aktivitetar:

- Utvikle ein nettportal med ein registreringsløysemd for bedrifter der dei legg inn relevant informasjon
- Informasjon og markedsføring ut mot det lokale næringslivet og innbyggjarar via nettverket til Nordhordland Næringslag, samarbeidspartnarar, sosiale medier, lokalaviser

- Vedlikehald og drift av nettsida

Tidsplan:

Startdato: 26.03.2020. Varigheit: 12 månadar.

Finansieringsplan:

Næringsfond Alver kommune	80 000
Eigeninnsats Nordhordland Næringslag	80 000
Sum finansiering	160 000

Kostnadsplan:

Utvikling av nettportal	50 000
Drift, lisenskostnadar	30 000
In-kind timar Nordhordland Næringslag	80 000
Sum kostnadar	160 000

Arkiv: FA-G01, FA-G03
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 01.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
036/20	Alver formannskap	03.04.2020

Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune vedtar forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner i samband med Covid-19
- Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Covid-19 (korona) er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom, som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Verdens helseorganisasjon har erklært sjukdomen som ein pandemi og ei alvorleg hending for internasjonal folkehelse. Det er sett i verk omfattande nasjonale tiltak for å avgrense spreiding av Covid-19 og for å bidra til å oppretthalde nødvendige helse- og omsorgstenester. Nasjonale myndigheiter har stengd ei rekkje verksemdar, skular, barnehagar, og nedlagd forbod mot ei rekkje aktivitetar der menneske elles vert samla.

19.03.2020 vedtok regjeringa ei forskrift som gjev forbod mot å overnatte på fritidseigedom utanfor eigen kommune. Intensjonen med dette forbodet er å sikre at helsetenesta i den enkelte kommune skal kunne handtere pandemisituasjonen for egne innbyggjarar. Mange hyttekommunar vil ikkje kunne handtere hyttebebuarar i tillegg til sine egne i samband med koronapandemien.

Forbodet gjeld for overnatting i fritidseigedomar utanfor folkeregistrert kommune, men det er ikkje presisert kva som gjeld for overnatting i til dømes campingvogner, fritidsbåtar og bubilar. For å førebyggje og hindre smitte av Covid-19, samt avgrense belastning på helse- og omsorgstenesta, ser kommunelegen det naudsynt å vedta ein forskrift som stenger campingplassar, bubilplassar og gjestehamnar for fritidsbåtar i Alver kommune. Det rettslege grunnlaget er heimla i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern av smittsomme sykdommer § 4-1 første ledd bokstav b. Forskrifta gjeld frå 6. april 2020 og fram til tiltaket ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

Vurdering:

Norge og resten av verden er i ein særst utfordrande situasjon, og det er sett i verk omfattande tiltak for hindre smitte og for å sikre at helsevesenet har kapasitet til å handtere

ein pandemi med Covid-19. Alver kommune har som sin hovudstrategi å følgje dei råd og pålegg som kjem frå nasjonale mynde. Forbod mot overnatting i fritidseigedomar utanfor eigen kommune, vil hjelpe på belastninga for den lokale helse- og omsorgstenesta. Helse- og omsorgstenesta er særbar, også fordi karantenetiltak etter nærkontakt med personar med påvist covid-19 sjukdom, får omfattande konsekvensar for tenestetilbodet i den einskilde kommunen.

Helse- og omsorgstenestene kan raskt bli overbelasta på grunn av tidelgare utskrivningar frå sjukehus av pasientar som treng helsehjelp, etablering av nye sengeplassar for å ivareta pasientar med mistenkt koronasjukdom og sengeplassar for dei med påvist koronasjukdom. Desse nye tiltaka skal bli bemanna utan at ein har ekstra personellressursar. For Alver kommune er det forsøkt med rekruttering av ekstra personell, men hittil har ikkje ekstra personell ønskt å jobbe utanfor næraste storby, som er Bergen.

Alver kommune er også vertskommune for Nordhordland legevakt, som betener befolkninga i Alver, Austrheim, Fedje, Osterøy, Gulen, Masfjorden og Modalen. Ei rekke konsultasjonar på legevakta tar no lenger tid, fordi det er krav til ekstra smitteverntiltak. Kapasiteten ved legevakta er derfor allereie redusert. Ei auke av befolkninga som skal ha tilbod frå legevakta, vil svekke beredskapen. Bemanninga ved legevakta er særbar for endringar som Alver kommune ikkje har kontroll over, som for eksempel at sjukehuslegar som er ein del av det faste legevaktkorpset, ikkje lenger kan ta vakter ved legevakta, men kan bli trekt inn til meir jobbing på sjukehus i Bergen.

Alle kommunane har etter helse- og omsorgstenestelova plikt til å yte helsetenester til dei som oppheld seg midlertidig i kommunen. Dette omfattar både heimesjukepleie, og allmennlegetenester inkludert legevakt. Alver kommune er den største hyttekommunen i Vestland Fylke med ca 3800 fritidsbustadar, i tillegg har kommunen fleire campingplassar, bubilplassar og gjestehamner. Kommuneoverlegen ser det som ein stor risiko viss det kjem overnattingsgjestar på campingplassar, bubilar og gjestehamne. , Det vil kunne vere ein smitterisiko og ein potensiell belastning for helse- og omsorgstenestene. For å førebyggje og hindre smitte av Covid-19, samt avgrense belastning på helse- og omsorgstenesta i kommunen, ser kommunelegen det naudsynt å vedta ein forskrift som stenger campingplassar, bubilplassar og gjestehamnar for fritidsbåtar i Alver kommune. Vurderinga er at den samfunnsmessige nytten ved smitteverntiltaket er viktigare enn eventuell belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.

Vedtaket om ei lokal forskrift vil vere i tråd med rettleiaren frå Helse og omsorgsdepartementet, datert 29.03.20 «Veileder til kommunene om lokale karantenerogler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med utbruddet av Covid-19». Der går det fram at tiltak etter smittevernloven § 4-1 må vere vurdert og begrunna i lys av den konkrete situasjonen i den einskilde kommune, og at eit kommunalt tiltak kan vere strengare enn nasjonale tiltak (prt 5).

Vedlegg i saken:

02.04.2020 Forskrift_stenging av campingplassar bubilcamping og 1369846
gjestehamner

Forskrift om stenging av campingplassar, bubilcamping, gjestehamner i samband med Covid-19

Heimel: fastatt av formannskapet i Alver kommune 3. april 2020 med heimel i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern av smittsomme sykdommer § 4-1 første ledd bokstav b.

§ 1 Føremål

Forskrifta gjeld tiltak i Alver kommune som skal førebyggje og hindre spreiding av smitte av covid-19 samt avgrense belastning på helse- og omsorgstenesta i kommunen.

§ 2 Stenging av campingplassar, bubilcamping og gjestehamner

Campingplassar, bubilcamping og gjestehamner for fritidsbåtar i Alver kommune skal vere stengt. Eigar av campingvogner og liknande kan utføre naudsynt vedlikehald eller tilsyn ved dagsbesøk.

Pålegget om stenging gjeld ikkje utleige av hytter, leilegheiter, campingvogner eller liknande med eige bad/wc/kjøkken til personar som blir tildelt midlertidig bustad gjennom kommunen sine tenester eller som nyttast til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutøving.

§ 3 Økonomisk ansvar

Alver kommune tek ikkje økonomisk ansvar som følgje av pålagde tiltak

§ 4 Verknadstid

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil vidare. Forskrifta vert oppheva når tiltaka ikkje lenger er naudsynt, jf. smittevernlova § 4-1, 5. ledd.

Arkiv: FA-G01, FA-G03
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 02.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
037/20	Alver formannskap	03.04.2020

Forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Alver for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Verdens helseorganisasjon har erklært sjukdomen som ein pandemi og ei alvorleg hending for internasjonal folkehelse. Det er satt i verk omfattande nasjonale tiltak for å avgrense spreiding av Covid-19 og for å bidra til å oppretthalde nødvendige helse- og omsorgstenester. Nasjonale myndigheiter har stengd ei rekkje verksemder, skular, barnehagar, og nedlagd forbod mot ei rekkje aktivitetar der menneske elles vert samla.

Av omsyn til smittevernet og for å oppretthalde tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunar og i helse- og omsorgstenesta, anbefalar kommuneoverlegen at det er naudsynt for kommunen å vedta eit forbod mot overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen.

Rettsleg grunnlag

Smittevernlova § 4-1 gjev heimel for vedtaket. Aktuelle tiltak framgår av bestemmelsens første ledd bokstavane a til e.

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 framgår av smittevernloven § 1-5: *"Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.*

Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep."

Vedtaket er i tråd med rettleiaren frå Helse og omsorgsdepartementet, datert 29.03.20 «Veileder til kommunene om lokale karantenereregler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med

utbruddet av Covid-19». Der går det fram at tiltak etter smittevernloven § 4-1 må vere vurdert og begrunna i lys av den konkrete situasjonen i den einiskilde kommune, og at eit kommunalt tiltak kan vere strengare enn nasjonale tiltak (prt 5).

Vurdering:

Kriteria for å bli testa for kronaviruset er strenge, og ein kjenner derfor ikkje dei reelle tala for smitta i dei einiskilde kommunane, og smittespreiing kan skje frå personar som ikkje veit at dei er smitta. For å avgrense smittespreiing til befolkninga i Alver kommune, vil det vere viktig å avgrense moglegheita for innbyggjarar i andre kommunar til å overnatte i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar eller bubilar.

Alver har ei sårbar helse- og omsorgsteneste, der karantenetiltak etter nærkontakt med personar med påvist covid-19 sjukdom får omfattande konsekvensar for tenestetilbodet i kommunen. Alver kommune har etter helse- og omsorgstenestelova plikt til å yte helsetenester til dei som oppheld seg midlertidig i kommunen. Dette omfattar både heimesjukepleie, og allmennlegetenester, inkludert legevakt. Helse- og omsorgstenestene har allereie stor belastning på grunn av tidelgare utskrivingar frå sjukehus av pasientar som treng helsehjelp, etablering av nye sengeplassar for å ivareta pasientar med mistenk koronasjukdom og sengeplassar for dei med påvist koronasjukdom.

Nordhordland legevakt betener befolkninga i Alver, Austrheim, Fedje, Osterøy, Gulen, Masfjorden og Modalen. Dette ei sårbar teneste. Ei rekke konsultasjonar på legevakta tar no lenger tid, fordi det er krav til ekstra smitteverntiltak. Kapasiteten ved legevakta er derfor allereie no redusert. Ei auke av befolkninga som skal ha tilbod frå legevakta, vil svekke beredskapen. Bemanninga ved legevakta er sårbar for endringar som Alver kommune ikkje har kontroll over, som for eksempel at sjukehuslegar som er ein del av det faste legevaktkorpset, på kort varsel ikkje lenger kan ta vakter ved legevakta, men blir trekt inn til meir jobbing på sjukehus i Bergen.

Konklusjon og tilråding:

Av omsyn til smittevernet og for å oppretthalde tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunen og i helse- og omsorgstenesta, tilrår kommunen vedtar eit forbod mot overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Det er vurdert at den samfunnsmessige nytten ved smitteverntiltaket er viktigare enn eventuell belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.

Vedtaket gjeld frå 04.04.2020 og har ein varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 30.03.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
038/20	Alver formannskap	03.04.2020

Melding/orientering til formannskapet 03.04.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Meldinga vert teke til orientering

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i formannskapet.

Melding/orientering:

- Situasjonen for lokalt næringsliv i samband med koronakrisen.
- Status byvekst